

Snart er det ny helg og snart er det ny julekonsert for Røysterett for alle, som sanneleg ikkje ligg på latsida.

I Rosendal denne helga hadde koret stor suksess i samsong med Rosendal Songlag og Tysssedalskoret - det vart eit kor med rundt 80 songarar tilsaman.

Laurdag 3. desember er Husnes Blandakor partner og konserten går føre seg i kyrkja på Husnes. Men det er også eit spennande verbalinnslag, ved NRK-journalist Oddgeir Bruaset frå Ålesund.

Han har ikkje berre oppsøkt stader der ingen kunne tru at nokon kunne bu. Han har også innteressert seg for julesongar og korleis dei har vortne til. Han har til og ved gjeve ut fleire bøker og også ei lydbok om opphavet til dei mest populære julesongane her i landet.

Lydboka

heiter ikkje overraskande Det lyser i stille grender og etter konserten er den til sals - signert av forfattaren. Kva grend var det som eigentleg inspirerte Jakob Sande? Det får vi truleg svar på denne kvelden. At 'Glade jul' vart til fordi musene var svoltne veit vi jo allereie.

Av Ola Matti Mathisen